

Velkommen på skulen sjølv om timar går ut! Elevar kan nytte skulen sine lokale heile skuledagen. Klasserom, bibliotek og kantina er opne.

Gratis lunsjbuffé og litt varmmat vert servert i tillegg til frukost for dei som har undervisning, eller som vel å sitte på skule å jobbe. Dette vil vare så lenge streiken pågår.

Fråvær under streiken:

På timeplanen vil ein sjå kva undervisning som går ut. Det vert ikkje ført fråvær når undervisning går ut som følgje av streiken. Elevane treng ikkje melde om fråvær til timar som går ut. Der undervisningar vert gjennomført, gjeld fråværsreglementet.

Dersom kontaktlærer er i streik må eleven notere seg dag/time for fråværet og levere dokumentasjon til skulen. Slik dokumentasjon kan leggest i postkassen utanfor ekspedisjonen. Det er viktig å merke seg at lærarar som ikkje er i streik følgjer ordinær prosedyre og sender varsel når fråværet passerer 5%. Dette kan føre til at eleven får varsel trass i at det er levert dokumentasjon. Fråværsføringa vert retta opp når streiken er over.